

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Runar Hatlevoll
Arkivsaksnr.: 18/841

Arkiv: 223 K46

Tilskot hjortegjerde gnr. 81/1

Rådmannen si tilråding:

I medhald av det kommunale viltfondet § 5a, får Bård Flattun Lilleeng utbetalt tilskot tilsvarande 75 % av godkjent materialkostnad. Maksimalt utbetaling er inntil 75 kr pr. m gjerde, portar inkludert. Tilskotet blir utbetalt i etterkant på grunnlag av framlagd dokumentasjon og sluttsynfaring. Den samla prosjektramma er på 77 201 kr, og øvre ramme tilskot blir på kr 57 901.

Med tilskotet fylgjer desse vilkår for hjortegjerdet:

- Gjerde skal ha ei høgd på minimum 1,90 m. Dersom det vert nytta to høgder med husdyrnetting må desse festast saman til dømes ved hjelp av streng
- Det er krav om topp og undertråd. All streng, tråd og kramper skal vera galvaniserte
- Stolpe av tre skal vera trykkimpregnerte og minimum 8 cm i dimensjon. Til hjørnestolp bør grovare dimensjonar nyttast saman med bardunar.
- Stolpeavstanden skal ikkje vera vesentleg meir enn to meter, med mindre ein brukar kraftige typar viltnetting som tåler hardt strekk utan å verta deformert. Ved bruk av slik viltnetting kan ein ha ein stolpeavstand på 3-6 meter under føresetnad at hjørne, knekkpunkt og portstolpar vert dimensjonerte for å tåla større påkjenningar.

Saksutgreiing:

Uprenta vedlegg:

- Søknad tilskot hjortegjerde

Samandrag:

Bård har i fleire år vore plaga med hjort i epleåkeren. Han kontakta kommunen i 2018 og fekk tilbod om skadeløyve. Men vart anbefalt å setja opp gjerde då det mest truleg var fleire dyr. Gjerde er idag ferdigstilt, og er på 833 meter. Han søker i den samanheng om tilskot.

Utval som har vedtaksmynde:

Formannskapet og næringsutvalet

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:

Forskrift om kommunal og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, FOR-2011-05-15-537

Fakta:

Søkjjar: Bård Lilleeng

Relevant Lovverk: Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, FOR-2011-05-15-537

Bård Lilleeng har i fleire år vert utsett for skader i epleåkeren forårsaka av hjort. Dette har medført stort avlingstap. I den samanheng søkte han om tilskot i 2018 til å setja opp hjortegjerde.

Miljørettsprinsippa jf. Naturmangfaldlova §§ 8-12 kjem ikkje til bruk i denne saka.

Vurdering og utrekning:

Ved så store hjortemengder vert det vanskeleg å stoppe avlivingstapet ved å ta ut skadeløyve eller auke uttaket ved jakt. Her vil det derfor vera naudsynt å få sett opp hjortegjerde for å begrensa avlivingsskade i åra framover.

Luster kommune yter tilskot til oppsett av hjortegjerde i samsvar med §5 i forskrifta etter desse lokale retningslinjene:

- For gjerde av flettverk vert det utbetalt tilskot tilsvarande 75 % av godkjent materialkostnad inntil 75 kr i tilskot pr. m gjerde, portar inkludert. Det vert ikkje ytt tilskot til vedlikehald av eksisterande hjortegjerde.
- For element-gjerde til inngjerding av rundballelager og liknande vert det ytt tilskot tilsvarande 50 % av materialkostnad for godkjent typar element.

Prosjektramme/materialkostnad: 77 201 kr

Budsjettert tilskot (75%): 57 901 kr

Dato: 03.06.20

Jarle Skartun
rådmann

Magnus Snøtun
Fagleiar landbruk

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: